



Marius Tryggve Giertsen
Nordsundet 20
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6146 - 23/86977

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
13.11.2023

Avvist søknad om flytebrygge - gbnr 326/79 Sundet

Administrativt vedtak. **Saknr: 1179/23**
Tiltakshavar: Marius Tryggve Giertsen
Søknadstype: flytebrygge

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om etablering av flytebrygge på eigedom gbnr 326/79 avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta. Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist dokumentasjon i saka sis innsenddt 30.08.2023 der de supplerer søknad avvist i vedtak datert 01.02.2023.

Det vart i vårt skriv datert 14.09.2023 orientert om at motteken dokumentasjon ikkje vert rekna som klage på vedtak datert 01.02.2023.

De vart vidare bedt om avklaring på om korvidt innsenddt dokumentasjon var å sjå på som ny søknad og også at den i så tilfelle var så mangelfull at det ville føre til nytt avvisningsvedtak. Det vart sett frist til 04.10.2023 for å supplere ny søknad om flytebrygge.

Kommunen har i dokument i saka orientert om planstatus, behov for dispensasjon mv. sjå vedlegg.

KOMMUNENS VURDERING

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3.ledd bokstav n)

Det er ikkje dokumentert nabovarsling.

2. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3.ledd bokstav K)

Det er søkt dispensasjon frå plankrav, evt. gjort greie for fritak frå plankrav gjeve i kommunedelplan for tidlegare Meland kommune, slik som tidlegare informert om vil vere naudsynt for tiltak.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

GENERELL INFORMASJON

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Førespurnad om vidare saksgang og avslutting av klage - gbnr 326/79 Sundet

Frist for å sende inn klage - gbnr 326/79 Sundet

Avvist søknad om fritak frå plankrav for etablering av pir og flytebrygge - gbnr 326/79 Sundet

Mottakarar:

Marius Tryggve Giertsen

Nordsundet 20

5919

FREKHAUG